


Sjøbu skal vernast på Ullahammaren

Spørsmålet om å verne ei sjøbu på Ullahammaren og om reguleringsplan for området vart drøfta på siste møtet i Haram formannskap. Formannskapet sa seg samd i at det er ynskjeleg å få utarbeidd reguleringsplan for Ulla og Ullahammaren, men peikar på at det manglar kartverk til dette arbeidet. Kommunen kan ikkje prioritere dette kartleggings- og reguleringsarbeidet førebels, men dersom Miljødepartementet kan stille naudsynnte midlar til rådvelde, vil kommunen syte for å få området kartlagt og regulert. Kommuneingeniøren vart pålagt, å sende søknad til Miljødepartementet om midlar.

Saka gjeld ei eldre sjøbu på Ullahammaren på Haramsøy. Sjøbua høyrer til den gamle handelsstanden på Ullahammaren, og det vert opplyst frå fylkeskonservator at ein del av bua skal vere kring to hundre år gammal. *Sp 11-6-78*

Ullahammaren: *H. myt 19-6-89*

Sjøbua - ei hodepine for eigar og styresmakter



Eige reguleringsplan for området?

Sjøbua på Ullahammaren har antikvarisk verdi, og det har lenge vore arbeid med å finne ei løysing på korleis bua best kan takast vare på. Samstundes ynskjer den noverande eigaren å reise eit fritidshus i området, noko både bygningsrådet i Haram og fylkeskonservatoren finn vanskeleg kan passast inn i ei verneplan.

Dette er i stutte ordelag den hodepina som både eigar og styresmakter har

pådradd seg i samband med framtida for den gamle sjøbua på Ullahammaren. Deler av denne bua er over 200 år gamle, og riksantikvaren har gått sterkt inn for verning. Bua er i dag eindel skada etter uver sist vinter.

For å løyse floka har fylkeskonservatoren antydta tre alternative løysingar: Deler av sjøbua vert gjort om til fritidshus, bua blir forlenga med 4-5 meter

i full breidde og høgde slik at denne nye delen kan nyttast som fritidshus og at grunneigaren får tomt til fritidshus på sjøve Ullahammaren.

Både det første og det siste alternativet ser ut til å vere vanskeleg å få til, og fylkeskonservatoren har difor kome til at alternativet om tilbygg må vere det beste. Det blir då føresett at tilbygget får ei slik utforming at det ikkje bryt med det gamle sjøhuset.

Arbeidet med denne vernesaka har synt at det er naudsynleg med ei reguleringsplan for Ullahammaren, men Haram kommune har ikkje kapasitet til å gjere dette no. Fylkeskonservatoren foreslår difor at kommunen søkjer Miljøverndepartementet om slik løyving, noko formannskapet sluttar seg heilhjarta til.